

**Sint stut på Skorpo**

08.08.2012

**Ein sint stut gjekk sundag til angrep på turgåarar på Skorpo. Karin Tveit frå Stord med vener frå Danmark som ættar frå øya var dei utsette og dei var undervegs til Johannes Hauge der slekta høyrer til.**

**Dei var 14 men på vegen vart dei angripne av stuten som var så trugande at dei snudde, Det var synd, særleg for danskane som ikkje fekk sjå turnet**

Oscar Langballe eig stuten og beklagar overfor Kvinnheringen. Hadde han visst at det skulle gå så mange på denne vegen ville han ha flytta dyra.

Til vanleg går dei på eit beite lenger bort frå den merka stien men var flytta til nytt beite grunna regnet.